

Eit magasin frå Eidfjord kommune JOL | 2020 | Årgang 21

EIDFJORD NYTT





Ordføraren helsar

Spå tampen av 2019 såg ingen for seg korleis 2020 skulle verta. I Eidfjord skulle det på mange måtar verta eit år med meir av alt. Fleire cruiseanlop enn nokon gong, fleire turistar enn nokon gong, og endå større aktivitet enn nokon gong.

I tillegg til dette, høg aktivitet i Sysendalen og ferdigstilling av fleire viktige anlegg for Eidfjord. Nasjonale turistvegar opna trappebru ved Vøringsfossen. Statkraft sette i drift kraftverket i Storlia. Energiselskapet Hardanger sette i drift ny straumforsyning for framtidig utvikling i Sysendalen. Merksem og markering av nokre av desse prosjekta vart ikkje slik ein hadde sett for seg.

I 2020 er det 40 år sidan offisiell opning av Sima kraftverk. Her òg la covid-19 ein demping på markeringa. Ein kan ikkje på nokon måte overdriva kor mykje dette anlegget har betydd for utviklinga av Eidfjordsamfunnet.

På eit heilt anna plan såg eg føre meg ein litt annleis og roleg ettervinter/vår i 2020 med 10 veker planlagt pappapermisjon. 10 dagar ut i permisjonen stengte landet ned som følgje av covid-19viruset. Skular, barnehagar, arbeidsplassar og andre arenaer stengde fort ned.

Vår familie var av dei heldige i nedstenginga, eg skulle vera heima. Den største endringa frå det me hadde planlagt, vart at eg hadde to små krabatar heima i staden for ein. Dei fleste slapp ikkje så lett unna. Mange i den private arbeidsmarknaden gjekk ut i uvisse eller vart permitterte. På den andre sida var det òg mange som ikkje hadde nokon anna val enn berre å stå på og stå i det. Alle fekk opp augene for kor mange som har ei kritisk rolle i å sikra at samfunnet vårt går rundt.

Håpet er no at ein vaksine er på veg, men me er ikkje gjennom alt endå. Me vil truleg ikkje ha alt tilbake ved det kjente og normale før tidlegast i 2022. Ei normalisering mot det me hadde før

covid-19-nedstenginga håpar eg likevel på i 2021.

Gleder i kvardagen og litt ekstra markering er viktig i den tida me er i no. Tradisjonell jolagrantenning vart det ikkje i år. Ein forhåpentlegvis ny tradisjon er peparkakelandsbyen på Kremmeriet. «Hjarte på vegg» er eit anna initiativ til alternativ markering. Digitalt kjem det initiativ som til dømes «Heim til heim – advent». På Facebooksida til Eidfjord kommune små videosnuttar av ljostenning kvar sundag i advent for å nemna noko anna.

Til slutt ynskjer eg at alle har omsut for og tek godt vare på kvarandre no på tampen av 2020 og inn i det nye året. Eg ynskjer dykk alle ei riktig god jul og eit godt nytt år.

Anders Vatle

-ordførar-



Innhald

- 2 Ordføraren helsar**
- 4 Ny organisasjonsstruktur**
- 5 Kommunen «kommunen» også i krise!**
- 6 Nytt frå Eidfjord Fjellstyre**
- 8 Informasjon frå Drift & Forvaltning**
- 10 Statkraft elektrifiserer bilparken**
- 12 Lang-Sima turbin**
- 13 Storlia kraftverk**
- 14 Kultur, næring og bærekraft**
- 16 Pepperkakeby**
- 18 Modnen barnehage**
- 20 Helse og omsorg**
- 22 Portrett: Karin F Thrane**
- 23 Smittevernlegen har ordet**
- 24 Norseman SOLO**
- 26 Lægreid skule**
- 34 Vøringsfossen – opning av trappebrua**
- 36 Kyrkjå i desember**
- 37 Galleri N. Bergslien**
- 38 Opningstider jola 2020**

EidfjordNytt

vert utgjeven av

Eidfjord kommune,
5783 Eidfjord

Tlf: 53 67 35 00

Fax: 53 67 35 75

Epost:

postmottak@eidfjord.kommune.no

Heimeside:
www.eidfjord.kommune.no

Grafisk Produksjon:
Voss Prenteverk AS



Litt om ny administrativ organisering i Eidfjord kommune

Tekst: Reidar Meel

Eidfjord kommune sin administrative organisering er endra frå 1.11.2020.

Rådmannen har det overordna ansvaret for drifta av dei kommunale tenestene. Han er bundeleddet til det politiske styringssystemet – der formannskapet og kommunestyret svt for midlar til drift, investeringar og utviklingsarbeid. Rådmannen har ein stab under seg som yter støttetenester innan økonomi, løn, rekneskap, tenestetorg, politisk sekretariat, overordna beredskap og personalforvaltning. NAV ligg inntil vidare under rådmannen.

Organisasjonsstrukturen er til for å kunna yta gode tenester til innbyggjarane. Kommunen skal gje tenester til dei som går i barnehagen eller er elevar i skulen. Dei som har behov for helse- og

omsorgstenester skal vera trygge på at dei får dei tenestene dei har krav på.

Vidare skal kommunen gje gode kulturtildob. Kino, idrettstilbod og ungdomsklubb for å nemna nokre. I den nye organiseringa er kulturskulen flytta frå undervisning, og lagt til eininga kultur, næring og berekraft.


Eidfjord kommune kan også skilta med eit eige næringsfond. Det kjem ny-establerrar og eksisterande verksemder til gode. Kommunen har satsa stort m.a. innan reiseliv. Å satsa på tilflytting er viktig for å oppretthalda folketalet – og ha ei levande bygd.

Drift og forvaltning yter tekniske tenester innan kommunale bygg, kommunale vegar og grøntareal. I tillegg jobbar tilsette innan forvaltning med overordna planar,

reguleringsplanar, byggjesaker og oppmåling. Brann og redning ligg også til eininga.

Kommunen yter mange tenester, og me kan ikkje gje ei uttømmande liste over alt. Det er viktig at kommunen er organisiert på ein rasjonell og god måte, slik at innbyggjarane får gode tenester. Nærleik til brukarane er eit stikkord i så måte.

Tanken bak den nye organiseringa er at det skal vera 5 einingar under rådmannen. Kvar eining er leia av ein einingsleiar som har det samla ansvaret for tenesteproduksjonen i si eining, i tillegg til økonomi og personalansvar for tilsette i eininga. Stab og støttefunksjonar hjå rådmannen er samla under økonomisjef og organisasjonssjef.



Kommunen er «kommunen» – også i ei krise!

Det er sannsynleg at noko usannsynleg vil skje. (Aristotles f.384 f.kr. d. 322 f.kr.)

Tekst: Reidar Meel

Dette bildet av Ukjent forfatter er lisensiert under CC BY



Samfunnstryggleik vert definert som: "Samfunnets evne til å verne seg mot og håndtere hendelser som truer grunnleggende verdier og funksjoner og setter liv og helse i fare. Slike hendelser kan være utløst av naturen, være et utslag av tekniske eller menneskelige feil eller bevisste handlinger." (Meld. St. 10 (2016–2017) Risiko i et trygt samfunn – Samfunnssikkerhet).

Alle i Eidfjord er prega av at samfunnet opplever ei krise gjennom pandemien. Regjeringa har inført tiltak som påverkar deg som privatperson – og dei tenestene du får gjennom kommunen din. Pandemien minner oss om kor sårbare me er – og kor sårbare kommunale tenester kan vera.

Alle kommunar har ei sentral rolle i arbeidet med samfunnstryggleik. Kommunen skal bidra til å utvikla robuste lokalsamfunn, og kommunen skal sikra tryggleiken til innbyggjarane og tilgangen til dei kommunale tenestene. Kritiske samfunnsfunksjonar skal oppretthalda i tråd med den lovfesta kommunale beredksapsplikta.

Sammfunnstryggleiksarbeidet i Noreg byggjer på 4 prinsipp:

Ansvarsprinsippet

Den som har ansvaret for eit tenesteområde har også ansvaret for samfunnstryggleiken på dette tenesteområdet. Ansvarsprinsippet inneber ei plikt til å oppretthalda funksjonane ved ei krise eller ei uønskt hending.

Likheitsprinsippet

Ved handteringen av ei uønskt hending (t.d. ein pandemi) skal organiseringa vera mest mogleg lik organiseringa i ein ordinær situasjon. Kunnskapen om organisasjonen skal leggast til grunn ved handterigna av ei uønskt hending. Dette gjev best resultat.

Nærleiksprinsippet

Ei uønskt hending skal løysast på lågast mogleg nivå, på skadestaden, i kommunen eller i verksemda.

Samvirkeprinsippet

Alle samfunnssikkerhetsaktørar har eit sjølvstendig ansvar for å sikre best mogleg samarbeid med relevante aktørar og verksemder. Dette gjeld både forebygging, beredskap og krisehåndtering.

Desse prinsippa fortel oss at kommunen også er «kommunen» i ein krisesituasjon.

Me skal gjera alt som står i vår makt til å oppretthalda kommunale tenester på

same måte som i ein normalsituasjon. I vår opplevde me å måtte stenga ned tenester. Skulen og barnehagen vart stengt ein periode. I tillegg måtte me legga avgrensningar på tenestetilbodet. Dette er sjølv sagt svært utfordrande for både innbyggjarar, brukarar og tilsette. Og me som jobba med krisehandtering fekk store utfordringar. Sjølv om me har jobba med planar for beredskap – er ofte slike hendingar vanskelege å handtera. Heldigvis har me hatt tilsette som har gjort ein stor innsats for å halda jula i gang.

I ein slik situasjon har Eidfjord kommune ei eiga «kriseleieing» som skal setja «krisestab» når ei slik hending påverkar lokalsamfunnet vårt i så stor grad som ein pandemi. I tillegg skal kvar eining (skule, barnehage, helse- og omsorg) sørge for at eininga gjer tiltak slik at tenestetilbodet vert videreført (fullt ut eller avgrensa) i ein krisesituasjon.

Sjølv om me i Eidfjord har vore heldige hittil med få smittetilfelle – har kommunen hatt fokus på kriseberedskap sidan Noreg stengde ned i mars. I første omgang frå mars og fram til sommaren. Seinare no på ettersommaren og framover hausten – ettersom den andre pandemi-bølgja også traff oss.

Det me ønskjer å sei med denne artikkelen er at Eidfjord kommune har eit beredskapsansvar for dei kommunale tenestene når desse vert utsett for ei krise. Du som innbyggjar skal ivaretakast på ein best mogleg måte – også når kommunen ikkje er i ein normalsituasjon.


Nytt frå Eidfjord fjellstyre 2020

Tekst og grafikk: Gunnar Elnan

Garnfiske

Korona gav effekt på garnfisket. Fleir enn vanleg kjøpte garnfiskekort i Eidfjord i år og det vart fiska meir enn året før. Med unntak av 2018 må me 14 år tilbake for å ha registrert like mykje fanga aure. Dette til tross for at det er 10 kortkjøparar som ikkje har rapportert frå fisket.

Fangst målt i kg og tal aure per døgn det er fiska, viser auke sidan tidleg på 2000-talet. Dette er tal for allmenningen samla. Dette viser at det er potensial for å fiska meir aure for den som har høve til det.




For dei store viktige vatna er biletet litt ulikt.

I Nordmannslågen er det ein liten nedgang i samla fangt i forhold til fangstnivåsetsen. Nedgangen er høgare på talet fisk enn på kg. Dette tyder på at snittvekta på auren er høgare.



I Tinnhølen held fiskeinnsatsen seg stabil, og fiskarane får att for innsatsen. Kg aure teke opp har ikkje vore så høg sidan 2004.

For Langvatnet er avkastinga ganske stabil, sjølv om det har vore fiska meir enn i dei siste 10 åra.



I Lakjen viste prøvefiske i 2019 at det var mykje småfisk. Fjellstyret opna for tynningsfiske og la til rette for garnfiske med eigne tynningsgarn så lenge det var reinsjakt. Dette viser att i statistikken ved at talet aure fiska er høgt.

Den vidare strategi i forhold til CWD er mykje diskutert, frå sentralt hold er det vitenskapleg komite som skal koma med tilråding 20. januar 2021. Kva som vert den endelege konklusjon og tiltak skal fastsetjast politisk.



Reinsjaka

Av ei samla kvote på 344 løyve, vart det felt tilsaman 97 dyr. Kvota var delt likt mellom fritt dyr og bukk 2½ år og eldre.

Oppdaging av CWD på bukk på Hardangervidda resulterte i fokus på å få inn så mange prøver som mogleg. Det vart opna for høve til å forlenga jakta, det vart høve til å fella kalv på fridyrkoret og det vart innført samjakt mellom statsallmenningane på Hardangervidda.

Informasjon frå Drift & Forvaltning

Tekst: Åshild Djønne og Arne Bu

Drift & Forvaltning (D&F) har spreidde ansvarsområder i Eidfjord kommune. Det som tidligare var KTD og Areal og miljø er slått saman til ei eining. På drift ligg oppgåver knytt til vatn- og avlaup, drift av bygg og anlegg samt reinhald. På forvaltning er det oppåver knytt til plan, oppmåling og byggjesak. D&F har og ansvar for Eidfjord brannvern, underlagt brannsjef på Voss.

Største delen av oppgåvene me på denne eininga har er ikkje synlege oppgåver for innbyggjarane eller tilreisande, men viktige og nødvendige oppgåver ein kommune er pliktige til og må utføre.

Året 2020 vart ikkje slik som me hadde tenkt. Det kom nye utfordringar som me ikkje hadde vore med på før når koronapandemien



Ny badstu i jente- og guttagarderobe

kom til landet. Me gjorde så godt me kunne for å tilpassa oss den nye kvardagen.

Sjølv om landet vart stengt ned opna dette og for arbeid i kommunale bygg som vanlegvis er i bruk. Mellom anna fekk badstuene i Samfunnshuset ein sårt tiltrengt oppgradering. Sjølv om dei fortsatt er stengt pga. smittevern håpar me at desse snart kan opnast for bruk. Golvet i Gamleskulen er vorte pussa tilbake til det orginale gulvet og lakka.

Turistsesongen:

Me på D&F var usikre korleis sommarsesongen ville verta. Kva ville "noregsferie" føra med seg? Me såg ikkje for oss kva turisme me fekk dette året. Det viste seg at det spesielt i skuleferien var mange nordmenn på tur i eige land. Dette førte bla. med seg ladekø på ladestasjonane bak kommunehuset.

Mange norske turistar førte til meir turistavfall enn me hadde forventa. Det var og utfordrande med offentlege toalett, spesielt i nedre Eidfjord. For å ivareta både hygiene og smittevern vart det opna opp nytt offentleg toalett i den kommunale delen av Quality Hotel Vøringsfoss.

Toaletta er no komplett ferdigstilt med opningstid frå 08.00 til 22.00 alle dagar heile året. Dette er det einaste offentlege toalettet som har stellerom i sentrum. Dette har me ikkje hatt tidlegare og er glade for at Eidfjord no kan tilby dette til småbarnsforeldre.

Tinnhølen:

Det er ikkje berre i sentrumsnære strok det har vore mykje folk i sommar. Det var mange som nyttet fjellområda i sommar. Dette merka me spesielt på dei populære utgangspunkta for turar på Hardangervidda. Politikarane hadde bevilga pengar til fleire tiltak på Tinnhølvegen. Det har vorte nytta overskotsmassar frå Statkraft sitt nye kraftverk i Storlia for å utvida parkeringsplass på Tinnhølen samt laga ny avkjøring og parkering på Tråastølen. Neste år håpar me å få på plass nytta og meir framtidsretta billettsystem på Tråastølen.



Brannstasjon:

Det har over fleire år vore eit spesielt fokus på HMS og spesielt kreftfare blant brannfolk. Arbeidstilsynet har ført tilsyn på brannstasjon i Eidfjord og funne noverande arbeidsforhold for Eidfjord brannvern som lite tilfredstillande. Etter å ha brukt fyrsta halvår av 2020 på prosjektering av ny brannstasjon, starta bygginga etter sumarferien. Ny brannstasjon skal etter planen vera innflytingsklar på Lægreid i mai 2021.

Sandbrekko:

Etter fleire vintersesongar med manglande varmekabler i heile Sandbrekka er dette no kome på plass. I skrivande stund vert det montert nye gateljos i deler av Sandbrekko som har hatt manglande belysning og som er svært trafikkert.



Leikplass Smievegen

Nærmiljø:

Ein politisk komite har sett på leikeplassane i bygda vår, og det vart løyvd pengar til oppgradering av leikeplassane. Blant anna har det kome ny leikeplass i byggjefeltet i Smievegen, og fleire andre leikeplassar har fått nokre oppgradering. Litt av dette arbeidet vil fortsette i 2021.



Ny kleddning på Ballbingen

Det er vorte satt opp nytt gjerde rundt skulen og uteområdet rundt barnehagen/samfunnshuset har fått seg eit løft og vorte ferdigstilt. I samarbeid med Ungdomsrådet er det skifta kleddning på Ballbingen v/skulen.

Det og vore fokus på grønt området i sentrum, og målet er at Eidfjord skal vera ryddig og fint for både tilreisande og innbyggjarane våre. Leikplass Smievegen



Statkraft elektrifiserer bilparken

Tekst: Statkraft

Foto: Øyvind Sandst  

Som ein del av det gr  nne skiftet har Statkraft bestemt at bilparken skal bli gr  nnare. Som ein stor akt  r innan produksjon av fornybar energi, skal Statkraft også nytte seg av den fornybare energien i form av straum til firmabilane. I Hardanger er me komne godt i gang med  etablira eit anlegg for elbil-ladarar. Det vart i vår gjennomf  rt befaring med leverand  r av ladeanlegg, og prosessen med  etablere eit anlegg har starta.

P   grunn av avgrensingar i eksisterande nettsystem vert det etablert nye nettstasjonar i Simadal og i Tyssedal. I Tyssedal er det Odda Energi som er omr  dekonsesjoner og har ansvar for utbygging av nettet. Statkraft har inng  tt avtalar med Odda Energi og anleggsarbeidet er tenkt fullf  rt f  r jul.

I Simadal er mykje av ladeutstyret bestilt og levert. No er det infrastrukturen som vert etablert. Det meste av gr  f  r er ferdig, trekker  r er lagt ned og nokon kablar har ogs   vorte

trekt. N  r anlegget vert ferdigstilt i l  pet av 2021 st  r det 16 ladadar klare til  lada dei tilsette sine og Statkraft sine bilar.

I l  pet av 2020 har det vorte levert 2 nye elbilar i Simadal, i Tyssedal har dei allereie 1 elbil og ein hybrid, og end   ein ny elbil er under bestilling. I l  pet av dei neste 5   ra s  r Statkraft sin ambisjon at ein god del av alle bilane er elektrisk. S   med desse tiltaka meinar me i Statkraft at me g  r framfor med eit godt eksempel og tek eit skritt i riktig retning mot det gr  nne skiftet.



Statkraft er st  rste i Europa innan fornybar energi.

Konserten produserer og utviklar vasskraft, vindkraft, gasskraft og fjermvarme, og er ein viktig akt  r p   dei europeiske energib  rsane.

Gjennom eigarskap i andre selskap vert det levert straum og varme til om lag 600 000 kundar i Noreg.

Statkraft Kraftverksgruppe Hardanger har drifts- og vedlikehaldsansvar av alle Statkraft sine anlegg i Hardanger.

Totalt Hardanger: 1870 MW / 6500 GWh

Med dagens kraftpris representerer dette ei verdiskaping tilsv  rande 2 Mrd/NOK/  r
Kraftverksgruppe Hardanger har 50 tilsette og 5 l  rlingar.

Statkraft kj  per varer og tenester i regionen for store summar kvart   r, og er ein aktiv st  ttespelar i h  ve til idretts- og kulturlivet i Hardanger.
Vertskommunane til Statkraft har ogs   store inntekter kvart   r fr   skattar og avgifter i samband med kraftproduksjonen.


www.statkraft.no

Lang-Sima turbin

4 klar for nye 40-års produksjon

Tekst : Audun Riber

Sima kraftverk er 40-år. 17. juni i 1980 vart første aggregat starta og kraftverket offisielt opna av dåverande statsminister Odvar Nordli. Mykje av utstyret i kraftverket har vore i drift heilt i frå starten og begynnar å bere preg av slitasje og elde. Mellom anna på grunn av dette er det eit større prosjekt i gang for å fornye Lang-Sima turbinane. Det er og nødvendig å erstatte dei gamle løpehjula til LangSima med 3 nye. Desse vart bestilt og skulle



Storlia kraftverk

Tekst : Øyvind Sandst  

Arbeidet starta med tunneldriving og utsprengning av kraftstasjonshallen juni 2018, deretter har det for det meste påg  tt betongarbeid og montasjearbeid fram til juni 2020.


Statkraft har gjennomf  rt prosjektet med AF Gruppen som hovedentrepreneur og Rainpower som leverand  r av elektro og mekanisk utstyr. Desse selskapa har brukt eigne ressursar p   delar av oppg  vene, men ein god del er utf  rt i samarbeid med lokale bedrifter i Hardanger. Av desse kan nevnast, BMI Mikkelsen, GK installasjon, Garen Maskin, Myklatun transport, Nedrev  g, Fonna Elektro, Hardanger Malerfirma, Kvalvik r  r, Alliance og Hardanger Energi.

Prosjektet har i all hovudsak g  tt som planlagt. Arbeid med nytt inntak ved «Slaktarbrakka» var sv  rt utfordrande, med til tider stor vannf  ring i Bjoreio og

arbeid gjennom to vintrar, der den siste var sv  rt sn  rik og med mykje ustabilt ver. Fasen med igangk  ring har tatt noko lengre tid enn planlagt, men ein kom i m  l til nedb  rsperioden hausten 2020.

Tunneldriving av adkomsttunnel, stasjon og till  pstunnel har naturleg nok f  rt til stor produksjon av stein. Desse tunnelmasane er ein god ressurs og har i all hovudsak vorte transportert ned i Sysendalen og nyttta til anna infrastruktur som til d  mes hyttetomter og vegbygging. I tillegg er det k  rt massar austover til blant anna ny avk  ring ved Tinnh  lvegen og til utvida parkeringsareal ved Tinnh  ldammen.

Samfunnsmessig meinar Statkraft at slike tilleggsutbyggingsar er positive, der ein med relativt sm   synlege inngrep kan utnytte allereie eksisterande overf  ringar og tunnelar.





Kultur, næring og berekraft

Tekst : Kultur, næring og berekraft

Nytt namn på eininga og nye titlar

Kultureininga har fått nytt navn og nokre av oss har fått nye titlar. Kulturavdelinga har gått frå å vera ei avdeling som hovudsakleg har kultur og ungdomsarbeid til å innehalde fleire fagfelt. Det var viktig at dei fagfelta som me arbeidar med gjenspeglar seg i både navn på avdeling og på titlar slik at innbyggjarane veit kor og kven dei skal kontakta. Avdelinga heiter no Kultur, næring og berekraft og Lisbeth Bygstad Celik er einingsleiar, og Bergljot Maria Veigvåg Hauso er kultursjef. I tillegg til biblioteksjef har Timo Knoch ein 30 % stilling knytt til berekraft. Kulturskulen er lagt under denne avdelinga noko som har vore eit politisk ynskje i fleire år. Kulturskulerektor har 30 % stilling knytt til redaksjonsarbeid

for heimesida og kommunen sitt intranett. Bergljot Maria er også med i dette arbeidet.

2020 har vore eit spesielt år for oss og for alle. Mykje tid vert brukt til å ivareta og dokumentere smittevern knytt til kulturygg og aktivitetar som har kome i gang. I tillegg har me hatt fleire store planar som er vedtekne. Kulturminneplan for Eidfjord kommune, Klima og energiplan og Ruspolitiske handlingsplan er vedtekne og vil medføra oppfølging av handlingsplan. Samfunnssoppdraget til offentleg sektor handlar bl.a om å gje gode tjenester til innbyggjarane, og andre som kontaktar vår avdeling, og me gjer det me kan for å innfri dette oppdraget.

Kulturskulen

Kulturskulen er ein lovpålagt skule der kvar kommune skal, eller i samarbeid med nabokommunane, ha tilbod om opplæring innan kunst og kultur. Skuleslaget ligg under Undervisningsdepartementet på nasjonalt plan, men ligg under «Kultur og fritid» i Kostra, som er kommunane sitt rapporteringssystem for økonomi.

Omlegginga har ikkje så mykje å sei for drifta av kulturskulen anna enn at rektor og får kontor på kommunehuset saman med dei andre i eininga Kultur, næring og berekraft. Tilsette og elevane i kulturskulen vil framleis finna han på kontoret/personalrommet på kulturskulen når undervisninga tek til utpå ettermiddagane.

Elles har også kulturskulen hatt ein merkeleg vår med nedstenging på grunn av Covid-19. Det vart prøvd å koma i gang med undervisning og/eller kontakt med elevane via Teams og Internett. Det lukkast ikkje heilt med det, men det skal vera mogeleg å få til med litt planlegging. No er i alle fall alle tilsette i kulturskulen på Teams, og det er alle elevane også.

Elevtalet i kulturskulen har gått litt ned dei siste åra, så det er ledige elevplassar på enkelte instrument. Så har de nokon i heimen som vil ta del i aktivitetane er det berre å ta kontakt.

Bibliotek

Eidfjord folkebibliotek var stengt i to månadar i vår grunna Corona-pandemien og me har nytta tida til ein del forandringer i biblioteklokalet. Inngangen og skranken er flytta, krimavdelinga har fått ny plassering, og i barneavdelinga er lesehytta det nye midtpunktet. Dette møbelet fungerer både som koseleg leseskrog og bokhylle. Biblioteket har også fått fleire utstillingsflater i tredje etasje med bokhyller og ny skilting i trappeoppgangen.

Berekraft

Den 16.11.20 vedtok kommunestyret den nye klima- og energiplanen for Eidfjord kommune. For å sikra kontinuitet i arbeidet med klimagassreduksjonar, er planen todelt og består av ein faktadel (kapittel 1-6) og eit handlingsprogram (kapittel 7) med tiltakspool. Handlingsprogrammet vert knytta opp mot budsjettarbeidet og skal rulleraast kvart år med fokus på involvering og medverknad av lokalbefolkinga. Dette skal skapa ei institusjonalisering av klimaarbeid i kommunen, sikra og synleggjera finansiering av nye og evaluering av gjennomførte tiltak. For 2021 vart tre tiltak prioritert: opprettning av eit Klimaråd, miljøfyrtårnsertifisering av heile den kommunale verksamheten etter hovudmodellprinsipp og auka kunnskap om klimatilpassing.

Med tilskot frå tidlegare Hordaland fylkeskommune etablerte Eidfjord kommune ein stønadsordning for bedrifter som ville ta miljøfyrtårnsertifisering. I juni startar difor seks bedrifter og eit arrangement på sertifiseringsarbeidet; Zalaris Norseman Xtreme Triathlon hadde allereie tidlegare byrja arbeidet i eit eget opplegg i samarbeid med Framtida i våre



hender. Her i Eidfjord vart det arrangert tre fysiske samlingar med Miljøfyrtårn-konsulenten Wenche Nygård Eeg og i tillegg lå bedriftene ned ein imponerande eigeninnsats! I skrivande har tre bedrifter og eit arrangement koma i mål: Destinasjon Eidfjord, Sæbø Camping, Best Adventures og Hardanger Matkulturfestival. Gratulerer med sertifiseringa og lykke til med arbeidet framover!

Ungdomsrådet 2020/2021

Ungdomsrådet valde nye medlemmar i oktober. I det nye ungdomsrådet sit Emilie Viveli Tveit (leiar), Matilde Myklatun Hole (nestleiar), Hedda Djønne Eriksen, Maren Viveli, Joakim Pedersen og Are Dalseide (vara). Ungdomsrådet er også deltakarar i Hardanger Ungdomsråd. Her arbeidar ungdomsråda i Hardanger saman om viktige saker som psykisk helse for ungdom, smittevern på skulebussar, taletid i kommunestyre og politiske utval, trygge vegar for ungdom i heile Hardanger og Voss.



Helsesista - "Våg å være"

22. Oktober fekk alle ungdomskular og vidaregåande skular i Hardanger og Voss tilbod om føredrag med Helsesista. Temaet var "Våg å være" der ho snakka om psykisk helse, å vera god nok, vennskap førelsar, utenforsk, glede (motsett av mobbing). Føredraget var i regi av Hardanger Ungdomsråd. Ei oppfordring frå helsesista var å setja ord på 3 ting du er taknemeleg for kvar dag, kanskje eit godt nyttårsforsett for fleire?

Pepperkakeby

Foto: Borghild Vik og Åshild Djønne

Pepperkakeby i vindauge på Fjell og Fjord Kafe Kremmeri. Eit koseleg og lystbetont innslag i adventstida. Innlevert pepparkakekunst frå Modnen barnehage, Ordførar m/familie, Vinterveiens helt m/familie og andre store og små i Eidfjord.





Barnehagen er ein møteplass for både små og store, ein stad ein kan koma og henta kunnskap og skapa nye relasjoner.
Ein stad der det er plass til alle, der det er høgt under taket og trygt og godt å vera.

Modnen barnehage

Tekst og foto:Aina Næss, Einingsleiar i Modnen barnehage

Modnen barnehage er ein 4 avdelings barnehage med ca 20 tilsette i ulike stillingsheimlar. Tyttebær og Molte er småbornsavdelingar, medan Blåbær og Eple er storebornsavdelingar. Barnehagen har plass til 57 born til saman.

Avdelingane vert leia av kvar sin pedagogisk leiar. Dei har med seg dyktige pedagogar, fagarbeidrarar og assisterantar. Barnehagen vår har ei veldig god pedagogdekning, heile 50%. Dette er også sett som mål nasjonalt.

Me har frå i haust styrka leiarressursen. Anett Viveli er assisterande einingsleiar i 50%, medan underteikna jobbar som einingsleiar i 100% og er pedagogisk,

personal og administrativ ansvarleg for eininga. Me har delt personalansvar mellom oss og har elles funne ei grei deling av oppgåvene. Teammøter som består av dei pedagogiske leiarane og ass einingsleiar og/eller einingsleiar har me ein time kvar veke. Der vert mellomanna ulike problemstillingar drøfta og ein får gode råd og innspel frå kvarandre.

Me har i år valt å organisera det pedagogiske arbeidet i barnehagen litt anleis enn tidlegare. Me har tidlegare jobba med månadstema. No har me gått over til å arbeida prosjektbasert med større fokus på borns medverknad. Eit prosjektarbeid handlar om å utforske, undersøkja og gå i djupna på eit tema som borna og personalet er interessert i, og som deretter skal



Me viser omsorg for kvarandre

dokumenterast. Pedagogisk dokumentasjon har ein sterk samanheng med prosjektarbeid. Det baserer seg på ein haldning om at læring skjer når bornet er aktiv, og når det får moglegheit til å undersøkja, utvide og fordjupe seg i det som verkar spanande og interessant.


Denne hausten har me jobba ein god del med inkluderande leikemiljø og forebygging av mobbing. Frå 01.01.21 vert det endring i barnehagelova. Barnehagane får ein aktivitetsplikt som skal sikre alle born eit trygt og godt barnehagemiljø. Dette set store krav til personale og det er viktig at me heile tida jobbar forebyggande for å hindre utesenging og mobbing. Våre haldningar og verdiar er avgjerdande når det gjeld dette.

Den digitale praksisen i barnehagen; Me er godt utstyrt med digitale verktøy i barnehagen. Me vil legge til rette for at borna skal få nye erfaringar med det utstyret me har tilgjengeleg i barnehagen no. Me vil jobba for at borna skal vere i stand til å forstå og beherske si eiga rolle i det digitale samfunnet, og at dei skal oppleve det å vere kreativ og skapande med digitale verktøy like sjølvsgått som andre ting.

I haust fekk, takka vere innsats frå forldrerepresentantane, med midlar frå sparebankstiftelsen Hardanger, på plass ein lavvo i skogen. Foreløpig har me ikkje fått benkar inni lavoen, men det vil foreldra ta på dugnad ganske snart.



Koding i barnehagen



Ein del av

Lokalkrafta

- Kortreist straum....

www.lokalkrafta.no



Bygdaheimen

Helse og omsorg

Tekst: Karin F Thrane

Sidan mars har hovudfokuset i alle deler av helse og omsorg i Eidfjord kommune vore å førebyggje smittespreiing av covid 19 og samstundes oppretthalde forsvarlege helsetenester til innbyggjarane. Dette har me klart ved å lage gode rutinar og omstilt oss raskt. For å styrke bemanninga ved eit evt. utbrot har me hatt tilsette frå andre einingar inne på opplæring i dei basale oppgåvene til friske bebuarar på Bygdaheimen. Dette har vore positivt for alle partar.

Helseavdelinga

Helseavdelinga femnar om 3 legar, helsesøster, psykiatrisk sjukepleiar, to fysioterapeutar, jordmor og to sjukepleiarar på legekontoret. Det har i lang tid vore utskifting av legar på legekontoret. Dette har no endar seg og det er tilsett ny kommuneoverlege – Rita Hovset i november 2019, Kommunelege II – Viacheslav Leontyev tok til i stillinga si i august 2020. Me kjem og til å ha turnuslækjar knytt til oss framover, for tida er det Marcus Stangeled som er hjå oss.

Situasjonen me no har vil vera med på å gje oss trygge og stabile helsetenester framover.

Av andre positive tiltak me har sett i gang dette året er eit fallførebyggjande prosjekt, dette er det fysioterapeut Ketil Larsen Bjotveit som skal leie.

Pleie og omsorg

I pleie og omsorg har me ein god gjeng med dyktige og kompetente tilsette som jobbar i den integrerte tenesta. 3.januar 2019 flytta me inn i ny og framtidsretta sjukeheim, Bygdaheimen. På Bygdaheimen har me 20 sjukeheimslassar fordelt på 3 avdelingar. Avdelingane har fått namn etter kjende fjell og fjordområde i Eidfjord.

Oppdaterte besøksrutinar finn du til ei kvar tid på Eidfjord kommune si heimesida.

Middagsnuten

Middagsnuten er ei langtidsavdeling for personar med demens og har 6 plassar. Her har me fokus på miljøretta behandling og at brukaren får utnytta dei ressursane den einskilde har. Me har sansehage tilknytta avdelinga. Planen er at den skal ha ulike aktivitetspunkt som kan auka livskvaliteten til brukaren. Hagen ikkje heilt ferdig endå men me håpar ting skal koma på plass etter kvart.

Øktarnuten og Onen

Somatisk har to avdelingar Øktarnuten og Onen - med 7 rom kvar. Desse to avdelingane vert drive som ein avdeling. I denne delen held og fysioterapeuten som er knytt til Bygdaheimen hus.

Vindokslle og Eio

Omsorgsbustadane er tekne i bruk og den delen av byggjet dei ligg i har fått namna Vindokslle og Eio.

Her er det 10 leilegheiter, 6 med inngang via sjukeheimen og 4 med inngang direkte utanfrå. Frå mars 2020 har 2 av leilegheitene og 1 rom på Bygdaheimen vore rekna som ein del av koronabreddskap og har ikkje vore tilgjengeleg for andre. Dette vil halde fram til risiko tilseier noko anna.

Vaskeriet

Vaskeriet ligg og i den delen av byggjet som heiter Eio. Vaskeriet varetak vask av uniformer og lintøy for sjukeheimen samt uniformar for legekontoret. Dei held og orden på bebuarane sine klede. På Bygdaheimen er me elles så heldige å ha fast personale på reinhald, det set me stor pris på. Dei gjer i likhet med anna personale ein svært viktig og god jobb.

Osen

Osen er aktivitetsavdelinga på Bygdaheimen, her får bebuarane tilbod om ulike aktivitetar. Her vert og mykje av det sosiale ivarteteke. Det er ein trygg og god plass for bebuarane å vera, aktivitørane er til stades heile tida.

Hellefjell

På Hellefjell finn ein kjøken og kontora til heimesjukepleie, ergoterapeut, kontorkonsulent og einingsleiar for helse og omsorg. På kjøkenet lagar dei heimelaga, god og næringsrik mat til bebuarane og utebrukarar. Personale nyt og godt av dette og kan kjøpe seg lunsj.

Ute- kjem det seg og litt etter litt, me har fleire fine område rundt Bygdaheimen som me har hatt mykje glede av denne sommaren. Det er lagt til rette for at ein kan gå rundt heile Bygdaheimen.

I pleie og omsorg jobbar me ikkje berre med Covid-19, med har og positive og framtidsretta prosjekt der me jobbar tverrfagleg. Me deltek i den nasjonal kvalitetsreforma «Leve hele livet» som hjå oss har fokus på fellesskap og aktivitet.

«Vestlandsprosjektet – saman om velferdsteknologi» er eit samarbeid mellom 16 kommunar i vår region og der målet er samarbeid omkring utvikling av gode tenester og kompetansebygging i møte med ny teknologi i omsorgstenesta.

Til slutt vil me i helse og omsorg ynske dykk ein god jol og eit godt nytt år. Hugs smittevernsråda og ta vare på kvarandre.



MIDDAGSNUTEN



ONEN



VINDOKSLE



ØKTARNUTEN



EIO



HELLEFJELL

Portrett: Karin F Thrane



Kva bakgrunn har du for stillinga?

Eg er utdanna sjukepleiar i 1994, i starten jobba eg for det meste på sjukhus i ulike avdelingar: Medisinsk avdeling (2 år i Kirkenes og Harstad), Nyfødd intensiv (3 år i Bodø), Intensiv/legevakts/AMK (11 år på Voss). Dei siste 11 åra før eg no startar her i Eidfjord jobba eg i Bedriftshelse1, der har mine arbeidsfelt vore arbeidshelse, psykososialt arbeidsmiljø, konflikt – og konflikthandtering, AKAN, sjukefråvær og fyrstehjelp. Når det gjeld utdanning har eg vidareutdanning frå STAMI (Statens Arbeidsmiljøinstitutt), og ein mastergrad i organisasjon og leiing. Eg har og ulike sertifiseringar, mellom anna som faktaundersøkjar.

Litt om deg sjølv:

Eg har tre born, to jenter og ein gut, på 18, 16 og 12 år. Mannen min kjem frå Lavangen (Sør Troms), eg er frå Øystese. Me bur på Voss. Som mange andre er eg glad i fjell, fjord, jakt og friluftsliv.

Kva er ditt ansvarsområde?

Einingsleiar for helse – og omsorg femnar det overordna ansvaret for tenesta. Slik eg forstår det inneber det administrativt ansvaret, fagleg ansvaret, juridisk ansvaret og eit etisk ansvaret. Sidan Eidfjord er ei liten kommune ligg personalansvar i den administrative funksjonen, det gjer og ansvaret for å syte for tilstrekkeleg bemanning og kompetanse samt å forvalte økonomiske ressurar på ein forsvarleg måte. Når det gjeld det faglege ansvaret, inneber det å sikre innbyggjarane helsehjelp av god kvalitet basert på oppdatert kunnskap. Eg kunne snakka mykje om dette med ansvarsområde, då eg meiner dette er viktig for å finne plassen sin i organisasjonen ein skal jobbe i.

Kva skal til for å få ei god helse- og omsorgsteneste?

For meg er det viktig at helse – og omsorgstenesta er av god kvalitet, det vil sei at helsetenesta fører til helsegeinst, er trygge og sikre, at brukarane vert innvolvert og føler dei har inflytelse. Vidare meiner eg det er viktig at heletenestene er samordna og prega av kontinuitet slik at brukarane ikkje opplever at dei vert ein «kasteball» mellom ulike aktørar i tensta. For at det skal vera ei god teneste må den sjølvsgart vera tilgjengelig for dei som treng den og rettferdig fordelt. Og som sagt god omsorg må vera basert på oppdatert kunnskap sett ut i praksis.

Når det er sagt så er arbeidsmiljøet hjå dei som skal yte tenesta avgjeraende for at me skal få til alt dette. HMS og godt samarbeid med tillitsvalde er og svært viktig. Ikkje minst er dette viktig i kriser slik me er i no. Å leie i krise krev gjensidig tillit mellom medarbeidarar og leiing. Tillit må byggjast på kunnskap, faglegheit og åpenheit. Ledelse eller LE – DEL – SE, er eit viktig utgangspunkt for korleis eg ynskjer å praktisere mi leiing av helse – og omsorgstenesta i Eidfjord Kommune framover.

Eidfjord kommune har vedteke å samla helse- og omsorg i ei eining. Den ledige stillinga etter pleie- og omsorgsleiar vart gjort om til einingsleiar for helse- og omsorg. Karin Flatabø Thrane heiter den nye leiaren for eininga. Ho starta i stillinga 1.8.2020.

Korleis var det å starta i ei ny jobb som einingsleiar i Eidfjord kommune?

Eg var sjølvsgart spent på korleis det skulle verta å jobbe i Eidfjord Kommune. Nye folk og nye arbeidsoppgåver. Så vil eg sei at eg frå første dag har kjent meg velkommen, noko som har gjort det lett å starte i ny jobb. På den andre sida vart ein jo kasta rett inn i «kampen mot covid -19. Det er krevjande å ha på toppen av alt det andre ein skal setje seg inn i. Læringskurva har vore og er bratt, så det er godt å ha kompetente og gode kollegaer rundt seg på alle nivå.

Smittevernlegen har ordet



Kommuneoverlege Rita Hovset

Det har vore eit annleis år på mange måtar. Koronaviruset har snudd opp ned på det meste, både i helsevesenet og i samfunnet generelt. På berre nokre veker vart heile Noreg stengt ned og usikkerheten var stor for vegen vidare. I løpet av denne tida har me heldigvis lært mykje om Covid-19 slik at me no kan starta tiltak der det er mest behov. Me har brukt mykje tid på å laga rutinar og forebyggjande tiltak slik at me kan oppretthalda viktige tenester i kommunen som helse- og omsorgstenester, skule og barnehage, samt næringsliv og andre arbeidsstadar i kommunen.

Det har vore viktig for oss å syta for kontinuerlig og forsvarleg drift av Bygdaheimen, sjølv om mange skulle vere sett ut av spel med Covid-19. Me valde å omdisponera arbeidkraft frå andre einingar i kommunen til pleie og omsorg. Dette har vore ei positiv erfaring der me har sett god omstillingsevne. På legekontoret har me mått omstilla oss heile vegen. I ein liten kommune som Eidfjord vert det veldig sårbart dersom me skulle få eit utbrot, og det har vore viktig å ha gode rutinar for dette. Me har i periodar delt oss inn i grupper der det ikkje har vore fysisk kontakt på tvers av desse. Dette hindrar at alle vert sett ut av spel dersom nokon skulle verta ramma av Covid-19. Me har også lagt til rette for godt smittevern generelt med mellom anna auka reinhald og tiltak for å halda naudsnyt avstand til kvarandre.

Det har i heile Noreg vore utfordringar med testkapasitet, mangel på smittevernustyr og me har blitt førebudd på å oppretta eigne Covid-19 avdelingar lokalt i kommunane. Her i Eidfjord har me hatt gode rutinar for testing, men me har hatt problem med at det tek lang tid frå me utfører testane til me får svar. Me har også i periodar hatt få testar til disposisjon. Dette har me no fått betre rutinar

på. Siden me ikkje har hatt utbrot her i Eidfjord har me heldigvis ikkje hatt mangel på smittevernustyr lokalt, og me har no bygd opp eit lager slik at me skal ha nok smittevernustyr til 8 månadar forbruk. Me har mellom anna fått sydd smittevernfrakker lokalt. Me har forebudd oss på å lage ein Covid-19 avdeling som raskt kan oppretta dersom me skulle få eit smitteutbrudd i kommunen, men me håpar sjølvsgart at dette ikke vert aktuelt.



Gjennom dette året med Covid-19 kjenner eg på ei stor takksemd over den innsatsen som vert lagt ned for å gjera det beste ut av situasjonen. Me håpar at me fortsett beheld den gode trenda med låge smittetall i Eidfjord kommune vidare.

Hugs på godt smittevern ved å halda dykk heima dersom de har symptom på infeksjon, ha god hand- og hostehygiene, og hald avstand!



Norseman SOLO

Foto og tekst: Dag Oliver /nxtri.com:



For fyrste gong sidan 2003 vart det ein sommar utan Norseman. Noko måtte gjerast.

Då Allan Hovda, som har vunne Norseman heile tre gonger, tok kontakt i vår og spurte om han kunne køyra eit løp frå Eidfjord til Gaustatoppen åleine, var svaret enkelt: nei.

Men ein ide var sådd og etter nokre kaffekoppar saman med Allan, såg me at dette kunne vera ein moglegheit for å sjå på Norseman-løypa frå ein annan vinkel og få inntrykk og biletar som det elles ikkje er tid til.

I tillegg ville det vera veldig interessant å sjå korleis ein utøvar som har gjennomført Norseman åtte gongar ville takla eit løp utan støtteperson og oppmuntrande rop frå tilskuarar.

Norseman SOLO var født.

Hjarte på skulevegg

Tekst og foto : Lægreid skule

Einingane Drift & Forvaltning og Undervisning har samarbeidd om eit prosjekt Hjarte på skulevegg, og er blitt inspirert av fleire kommunale bygg som er lyssett rundt i Noreg. Me fann ut at det var kjekt om me kunne lyse opp Eidfjord i desember.


Det var kort veg frå ord til handling, og no lyser eit stort flott hjarte på ein vegg på skulen til glede for alle som går forbi.



Me oppmodar alle om å gjere det same som oss: Heng opp ei lyslenke på veggen som ei oppmuntring til alle i bygda og med ynskje om ei god adventstid!



Mellomtrinnet kosar seg med uteskule kvar torsdag. Prosjektet i år er å bygga opp att eine gapahuken! Dei har også ulike læringsaktivitetar og andre sosiale aktivitetar i løpet av uteskuletida.



DKS (Den kulturelle skulesekken)
5.klasse på spanande kunstutstilling på Galleri Bergslien i haust. Mykje flott å sjå, og elevane kosa seg med å få laga figurar saman med kunstnar.

Nye fyrsteklassingar

I haust byrja det 13 forventningsfulle fyrsteklassingar på Lægreid skule. Ein veldig kjekk gjeng!



Bak frå venstre: Jone Herland, Iselin Fond Flæte, Markus Myklatun, Sannah Aurdal Riber, Kristoffer Liseth Boge og Alexandra Beatrice Engseth.

Framme frå venstre: Amalie Christine Zaring Heen, Hedvig Hus, Solveig Bu, Viljar Pettersen Ervik, Tor Hereid, Vanessa Koziara og Aurora Meel Myrvang.



NATURSTI
Det er haust i lufta i Eidfjord, og
mellomtrinnet er på tur. Flott natursti
rundt Hereid.

Elevbedriftene ved Lægreid skule kan kontaktast for info om produkt og prisar. Før jul produserer me i hovudsak julepynt og tennbrikettar.



TENNBRIKETTAR EB
v/Albulena 45861739
v/Sander 40521360



v/Vilde 48469464



Fylkesvinnar i Beintøft 2020

Hurra! 6.klasse er fylkesvinnar i Beintøft 2020, og har vunne kr 5000. Beintøft er ein konkurranser for alle barneskular. Prosjektet vil inspirere til å gå, sykle eller reise kollektivt til skulen! Slik blir det mindre forureining der vi bur, lufta blir reinare og området rundt skulen blir tryggare. I Beintøft har det vore vektema som fokuserar på ulik klima- og miljøproblematikk:

Trafikk og forureining – Fokus på trafikksikkerheit og miljøkonsekvensane av forureining



Beintøft vinnarar




5.klasse deltok på Aksjon Aluminium!

Klassen har hatt fokus på kjeldesortering og gjenbruk. Elevane prøvde å laga popcornmaskin med tomme brusboksar, og så har dei laga flotte lyslykter, som pyntar opp klasserommet i desember!

Kosekveld på SFO

Torsdag 26. november hadde 3. og 4. klasse kosekveld på SFO. Etter litt leik inne i mørke gangar, gjekk me ein tur i skogen med lommelykt. Då me kom tilbake, var det laga ei krypeløype i gangen nede ved sløyden. Ungane løyste nokre oppgåver som gav hint til premiar som var gøymt rundt omring på skulen.

Minipizza, saft, pepperkaker, seigmenn og mandariner stod på menyen. Etterpå var det leik i gangane med lommelykt. Fart og lydnivå vitna om at det var både kjekt og spennande å vera på skulen om kvelden. Kl 20.30 var kvelden over, og det var ein glad og trøytt gjeng som reiste heim.





Skaparverkstad – får me trolla til å lysa?

På Lægreid skule er me i full gang med å implementera nye læreplanar som gjeld frå noverande skuleår. Det er mange endringar for både elevar og tilsette, men heldigvis har me gode ressursar, dyktige tilsette og digitalt utstyr som gjer implementeringa enklare.

Før nytt skuleår, møttest personalet til felles planlegging og førebuing. Me hadde ei praktisk økt med skaparverkstad. Skaparverkstad er eit samarbeidsprosjekt der ein lærer å utforska, dela erfaringar, kunnskap og utveksla idear. Det er dynamisk og forma etter personane som deltek, samt behov som finst og som oppstår. Oftast er det forbunde med 3D-printarar, laserutkutarar, men det er ikkje avgrensa til berre elektronikk og teknikk, men omfattar alle praktiske og kreative uttrykk. Det er meir tankegangen om å skapa noko som er kjernen.

Personalet vart losa gjennom økta av læraren som har programering på skulen, Liv Kristoffersen. Ho gav oss i oppgåve å lage filt-troll, og her fekk me bryna oss på mange spørsmål:


- Kvar skal dioden vera?
- Leidningane til trollet/monsteret må skjulast inni kroppen til trollet/monsteret, og straumkrinsen må kunna opnast/lukkast.
- Kva fargar skal trollet/monsteret ditt ha?

I tillegg måtte me halda orden på leidningar, batteri og lysdiodar, og kopla alt på rett måte. Me byrja med filtinga, og filtnåla kom oftast ut og inn på rett stad. Det vart laga mange artige og skumle troll, og heldigvis lyste trolla. No er me betre førebudd til å ha skaparverkstad på Lægreid skule. Føresette skal ikkje bli overraska om det kjem eit filt-troll eller to heim i skulesekken.

Begge programma byggjer på anerkjennande kommunikasjon. Det betyr at me møter kvarandre med forståing for kjensla og kan hjelpe til med tankar om korleis ein kan føle seg betre. Det er like naturleg å verta sint som å verta glad. Mål for begge programma er at kvar enkelt elev skal få med seg strategiar som han/ho kan bruke når utfordringar dukkar opp i livet.

Vøringsfossen

- offisiell opning av den spektakulære trappebru



Fredag 21. august opna Statens vegvesen ein ny turistvegatraksjon med trappebru ovanfor Vøringsfossen langs Nasjonal turistveg Hardangervidda.

Fylkesordførar Jon Askeland i Vestland fylkeskommune og ordførar Anders Vatle i Eidfjord kommune sto for den offisielle opninga.

Brua er teikna av arkitekt Carl-Viggo Hølmebak og konstruksjonen føyer seg inn i ein lang tradisjon i å utforska feltet mellom arkitektur, teknologi, infrastruktur og natur.

-Mange forhold har påverka bruas form. Konstruksjonen må vera sikker og robust, bru skal koplast til den gamle kløvvegen og landskapet, og sjølv sagt er det lagt vekt på utsikt og oppleveling. Brua skaper ein ny situasjon å sjå og forstå landskapsrommet på, seier Hølmebak.

Brua har ei spennvidde på 47 meter og tel 99 trappetrinn. Høgdeskilnaden mellom brusidene er 16 meter. Dei sju brudelane er heist på plass med kran og montert saman på staden. Heile gangbrua er bygd i stål og sikra med solide fjellsikringsboltar. Prosjektleiar Kjersti Wold kallar prosjektet eit nybrotsarbeid.

-Samankoplinga av delane har stilt store krav til prosjekteringa og produksjonen. Monteringa av bruva, i ni hektiske døgn i juni,

på ein stad med bratte stup ned i ei stri elv, har dessutan stilt harde krav til sikkerheit, mannskap og utrustning, fortel Wold.

Utviklinga av Vøringsfossen langs Nasjonal turistveg Hardangervidda skjer steg for steg slik at turistane og reiselivsnæringane får glede og nytte av etappane etter kvart som dei står ferdige.

Trappebrua saman med stiar og utsiktspunkt er det andre byggjetrinnet i Statens vegvesen si utvikling av turistvegatraksjonen Vøringsfossen. Det første stod klart i 2018 og omfattar utsiktsplattformar, stiar, gjerde, parkering og servicebygg nedanfor Fossli hotell.

Tredje trinn med oppstart i 2021 inneheld utsiktspunkt, stiar og toalett. Når dette er fullført vil heile vandringa rundt juvet i starten av Måbødalen vera sikker og komplett.

Nasjonal turistveg Hardangervidda går mellom Eidfjord og Haugastøl og er 67 km lang. Køyreturen byr på ei kontrastfylt reise frå store vidder til møte med det vestlandske fjordlandskapet.



**Få full oversikt med
IHM-appen!**

No kan du enkelt sjekke tømmekalenderen på mobilen og få påminning når det er din hentedag. I den nye appen finn du også oversikt over hyttereturpunkt, miljøstasjonar og opningstider. Last ned appen i App Store eller Google Play. Treng du hjelpe til å laste ned Appen, finn du rettleiar på ihm.no eller du kan ta kontakt på telefon, så hjelper me deg.


Kyrkja i desember

Når	Kva
Torsdag 03.12. kl. 10.30 – 12.30	Småbarnskafé i kyrkja
Måndag 07.12. kl. 10.00 – 10.45	Adventssamling barnehage (Blåbærgruppe)
Tysdag 08.12. kl. 14.00 – 16.00	Open kyrkje (kl. 14 – 15 adventsmusikk på orgel og høgtalar)
Torsdag 10.12. kl. 10.30 – 12.30	Småbarnskafé i kyrkja
Søndag 13.12. kl. 11.00	Gudsteneste
Måndag 14.12. kl. 10.00 – 10.45	Adventssamling barnehage (Eplegruppe)
Tysdag 15.12. kl. 10.00 – 10.45	Adventssamling barnehage (Molte/tyttebærgruppe)
Onsdag 16.12. kl. 09.45 – 10.30	Adventssamling 1. klasse (ute med klokketårnet)
Onsdag 16.12. kl. 12.20 – 12.50	Adventsgudstenteste 2.-4. klasse (ute ved klokketårnet)
Torsdag 17.12. kl. 10.15 – 10.45	Adventsgudstenteste 5. – 7. klasse (ute ved klokketårnet)
Torsdag 17.12. kl. 11.00 – 13.00	Småbarnskafé i kyrkja
Torsdag 17.12. kl. 14.15 – 14.45	Adventsgudstenteste 8. – 10. klasse (ute ved klokketårnet)
Torsdag 24.12. kl. 16.00 – 16.30	Digital julegudsteneste blir lagt ut på heimesida og på facebook
Torsdag 24.12. kl. 17.00 – 17.30	Julaftangudsteneste i kyrkja (påmelding)
Torsdag 24.12.	Julaftangudsteneste i kyrkja (påmelding)
Fredag 25.12.	Digital gudsteneste på heimesida og på facebook
Søndag 03.01.2021	Gudsteneste i Eidfjord kyrkje



Galleri N.Bergslien

2021



UTSTILLARAR:

- 15.04 – 20.06 Inger Johanne Rasmussen (festivalutstillar Hardanger Musikkfest)
- 24.06 – 22.08 Kari Pernille Rosfjord
- 27.08 – 10.10 Solfrid Aksnes

OPNINGSTIDER:

- 15.04 – 20.06 Lavsesong ope laurdag/sundag/cruiseskip kl. 12 – 16
- 21.06 – 22.08 Høgsesong ope tysdag – sundag kl 11 – 17
- 23.08 – 10.10 Lavsesong ope laurdag/sundag/cruiseskip kl. 12 – 16

**GALLERI
N.B**
W. Bergslien

Åpningstider jola 2020:

**Åpningstider YX Eidfjord
Jula 2020**

23. Desember:	08.00 - 20.00
Julaften:	09.00 - 15.00
1. Juledag:	12.00 - 16.00
2. Juledag:	10.00 - 19.00
27. Desember:	09.00 - 21.00
28-30. Desember:	08.00 - 21.00
Nyttårsaften:	09.00 - 15.00
1. Januar:	12.00 - 19.00

Åpningstider kan bli endra, alt etter hvordan ståa er ved covid-19




**OPNINGSTIDER
I EIDFJORD KOMMUNE**

KOMMUNEHUSET

24.12: Stengt
28.12: 10 – 14
29.12: 10 – 14
30.12: 10 – 14
31.12: Stengt

LEGEKONTORET

24.12: 08 – 12
25.12 t.o.m. 27.12: Stengt
28.12 t.o.m. 30.12: 08 – 13

Nyttårsafta har Eidfjord legekontor stengt, då kan ein ringa Ulvik legekontor 56 52 70 40 for øyeblikkeleg hjelp.
Utanom våre opningstider skal ein ringa legevakt telefonen 116117 eller 113

NAV
NAV er stengd i jola.
Ved behov, ring NAV kontaktsenter 55 55 33 33 eller gå til www.nav.no


Sentrum Cafè
 Man og Tirsdag - Stengt
 Torsdag og Fredag : 12.30 - 19.30
 Lørdag: 12.00 - 18.00
 Søndag :12.30 - 19.00
 Det vil være avvik mellom jul og nyttår
 Julaften 24-Stengt
 Nyttårsaften -Stengt
 For takeaway: 98008616 - 92441998
 Se ellers på vår facebookside:
 Sentrum Cafe Eidfjord As

OPNINGSTIDER JOLA 2020

Siste opningsdag før jola:
Onsdag 23.12.2020, Kl. 08.00 – 16.00

Me opnar att:
Måndag 04.01.2021, Kl. 08.00

Ynskjer alle våre kundar ei god jul og eit godt nyttår!

BYGGER'N

Åpningstider Jul & Nyttår 2020

fjell & fjord
Kafe og Kremmeri

Fredag 18 des: 11.00-17.00
Lørdag 19 des: 11.00-17.00
Søndag 20 des: 11.00-17.00
Mandag 21 des: 11.00-17.00
Tirsdag 22 des: 11.00-17.00
Onsdag 23 des: **11.00-15.00**
Mandag 28 des: 11.00-17.00
Tirsdag 29 des: 11.00-17.00
Onsdag 30 des: 11.00-17.00
Lørdag 2 jan: 11.00-17.00
Søndag 3 jan: 11.00-17.00
Kafeen åpner så igjen 18. februar 2021

fjell & fjord
EIDFJORD HOTELL

**Hotellet & Restauranten er STENGT
fra 18. desember til 4. januar**



OPNINGSTIDER

21.12.20 kl 09.00-20.00
22.12.20 og 23.12.20 kl 09.00-18.00
Julaftan 24.12.20 kl 09.00-12.00
25.12.20 t.o.m. 27.12.20 Stengt
28.12.20 kl 09.00-18.00
29.12.20 og 30.12.20 kl 09.00-17.00
31.12.20 kl 09.00-14.00
01.01.21 Stengt
02.01.21 kl 09.30-18.00
03.01.21 stengt
04.01.21 Stengt grunna varetelling

ME YNSKJER ALLE VÅRE KUNDER VELKOMEN TIL
EIN HYGGLIG JULEHANDEL



**OPNINGSTIDER
JOLA 2020**

23.12	09.00 – 20.00
24.12	09.00 – 14.00
28.12	09.00 – 18.00
29.12	09.00 – 18.00
30.12	09.00 – 20.00
31.12	09.00 – 16.00
02.01	09.00 – 18.00

GOD JOL!

God jol!

Eid fjord kommune vil ynskja alle ei
gledeleg jol og eit godt nyttår!

